



HARDANGERBRUA
www.hardangerbrua.no

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Lofthus, 14.januar 2016

Vedk.: Oppfølging av Selskapskontroll av Hardangerbrua, Dykker ref. 2014/14570-45

Viser til brev dags. 05.01.2016. Det vert der etterlyst status på arbeidet med å iverksetja tiltak som pålagt av Fylkestinget i møte 15.03.2015. Viser i den samanheng til vedlegg til vår «Handlingsplan» dags. 30.05.15 og vedteken av styret i møte 16.06.15. For orientering legg vi denne ved også dette brev.

Status pr. 31.12.2015:

1. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:

- «*Utarbeida styreinstruks*» Den er utarbeidt og vedteke av styret i møte 07.10.15.
- «*Gjennomføre eigenevaluering for styret*» Tek sikte på å gjennomføre i februarmøtet 2016.
- «*Tilbod om opplæring for styrerepresentantar.*» Det nye styret som blir valgt på årsmøtet vil vera på 3 medlemer. Så langt vi kjenner til har dei 2 medlemene som blir gjenvalgt, gjennomgått styreseminar. Etter årsmøtet får vi avklart om den 3. medlemmet også har.
- «*Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver.*» Viser til vedlegget.
- «*Utarbeida årleg plan for styret sitt arbeid.*» Tek sikte på å gjennomføre i februarmøtet.
- «*Slutte seg til KS sitt styrevervregister.*» Som for kulepunkt 3.

Når det gjeld dei andre punkta, meiner vi å ha etterkome desse. Men når det gjeld punkt 4. kan denne kanskje forbetrast noko.

Som vi har påpeikt før bør vi venta til etter årsmøtet før vi konkluderer på alle punkt. Vi får då ein ny situasjon i styresamsetjing og kanskje ei heilt ny organisering i regionale selskap.

Med venleg helsing

Einar Lutro, arb.styreleiar

Vedlegg til:

HANDLINGSPLAN

Opplisting av dei enkelte punkt Fylkestinget har vedteke:

1. ***Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:***
 - ***Utarbeide styreinstruks.*** Styret syter for å få utarbeid tein styreinstrukte i samsvar med KS sine tilrådingar.
 - ***Gjennomføre eigenevaluering for styret.*** Styret vil gjennomføre eigenevaluering i samsvar med KS sine tilrådingar.
 - ***Tilbod om opplæring for styrrepresentantar.*** Styret vil i første omgang få oversikt over kven av medlemene som har gjennomgått opplæring. For så å tilby styreseminar for dei som ikkje har dette.
 - ***Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver.*** Viser til kulepunkt over. Er kjend med at fylkeskommunen vurderer å gjennomføra styreseminar for styremedlemer etter neste val.
 - ***Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid.*** Tek sikte på å utarbeida ein slik plan for komande år (2016).
 - ***Slutte seg til KS sitt styrevervregister.*** Få oversikt over kven av medlemene som er/ikkje er, tilslutta registeret.
2. ***Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.*** Dette er styret fullt medvitne om og med to unntak har følgt i alle sine innkjøp og avtalar.
3. ***Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.*** Postjournalen vår er f.o.m. 2015 lagt om for på ein enkel måte tilfredstille arkivlova. Dette for å unngå innkjøp av eit omfattande og kostbart system, når vi truleg om kort tid vil gå inn i eit regionalt selskap.
4. ***Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*** Vil etterkoma dette f.o.m. rekneskapsåret 2016.
5. ***Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*** Er med dette gjordt. Oppfølging vert gjordt fortløpande.